

Bjerkreimsnytt

Info til bjerkreimbuen • Januar 2026



Bjerkreim
kommune



Bjerkreim kommune

Kommunehuset:

Tlf 51 20 11 00

Måndag - fredag kl 09.00 - 15.00

www.bjerkreim.kommune.no

Biblioteket:

Tlf. 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Måndag 15.00 - 19.00

Tysdag 14.00 - 18.00

Onsdag 14.00 - 18.00

Torsdag 12.00 - 15.30

Fredag 12.00 - 15.30

Laurdag 10.00 - 14.00

DIM-renovasjon:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

Neste nummer:

NESTE NUMMER: Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 20. januar kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast torsdag 29. januar. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

Utgjevar:

Bjerkreim kommune

Kontaktperson:

Ingunn Ognedal

Ansvarleg:

Kulturkontoret

Trykk og grafisk formgiving:

Jærprint AS

Framsidedfoto: Vinterlys ved brua mellom kommunehuset og Esso.

Foto: Bjørn Egil Gilje.

Ordføraren sitt hjørne

Årskavalkade 2025

Med gode ynskje om eit godt 2026, vil eg dra gjennom ei oppsummering av året som har gått.

Kvart år er ei lang rekke små og store hendingar. Det inneheld sorg og det inneheld glede. Me har mista, og me har fått. Parallelt med dette vert liva våre levd.

Året starta med at eg fekk prøve gravemaskin for fyrste gong. I januar starta arbeidet med Bjerkreimsverden. Ein total endring av grusbanen på Bjerkreim, til eit eldorado av eit nærmiljøanlegg. Det stod ferdig til skuleslutt slik at mange kunne leika seg her gjennom sommaren.

I februar inviterte Vikeså skule til en eksklusiv kveld med skulerevven. Berre dei som var der veit, me andre kan berre gissa kva me gjekk glipp av. I 50 år har lærarar og andre tilsette gitt av sjølv med dans, song sketsjar, langt utanfor komfortsona for mange, men til stor glede for elevane.

I mars feira me jubilanten Bjerkreim helselag sin 100-årsdag. Få frivillige foreiningar har betydd så mykje for så mange som desse. Dei sørja for at det kom ei sjukekaske. At me fekk spedbarnskontroll og vaksineprogram. Demensforeining. Meir forskning på hjarte og karsjukdommar. Det var ikkje den einaste foreininga som hadde runde tal i år. Idrettslaget runda 60 år med familiefest på Vikeså stadion på vårparten. Bjerkreim bygdekvinnelag har vore ein bærebjelke i lokalsamfunnet i 75 år, markert med storslått fest på haustparten.

Frivillige naboar frå Gjesdal brukte vinteren på å forbereda reisinga av Lanesstølen oppe ved Vinjakula. Ein engasjert dugnadsgjeng frå Foreningen for stølsliv og friluftsliv i indre Gjesdal, no og engasjert i Bjerkreim. Eit nyoppbygd landemerke, 671 moh. Mange nytta sommaren til å ta turen opp her. No er gjengen klar til ny oppgåve. Det er nemleg ein gamal Lanesstøl til, på andre sida av Maudalsvatnet som skal reisast, på Stavtjørnsida.

I mai vart 80-årsdagen for slutten av 2. verdskrig markert. Viktig for mange at det vart ei større markering denne gongen, si markeringa for 75-årsdagen forsvann i Corona-restriksjonar.

Juni hadde og sin jubilant, Røysekatten barnehage. Feira med middag, kaker, brus og kaffi, som seg høyr og bør. Bjerkreim krins gjekk i 2005 frå ein avdeling på bedehuset, til tre avdelingar i nybygg i Røyslandsdalen. Ei verkeleg storfeiring hadde Stavanger bispedøme i år, saman med Stavanger by som er 900 år. Dette var og jubileum for kyrkjelivet i Bjerkreim. Feira med friluftsgudsteneste på Tengesdal, der det for om lag 900 år sidan truleg sto ei stavkyrkje.

Juli var den store skogmånaden. «Heile» Bjerkreim fylgde med på trefellinga ved Fureknuten på Vikeså. 13.000 kubikk ut. Nytt landskap opna seg, og mange fekk ny utsikt. I Stavanger sendte me Restaurationkopien på tur over Atlantaren, 200 år etter originalen. Starten på den enorme



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

Politiske møte - på kommunehuset

Kommunestyret	Tysdag 13.01 kl. 18.00
Fellesråd	Tysdag 20.01 kl.13.00
Ungdomsråd	Tysdag 20.01 kl.17.00
LMT-utvalg	Tysdag 27.01 kl. 19.00
Formannskap	Onsdag 28.01 kl. 16.00

utferda til Amerika, der 1 million reiste over. Drevne av nød, håp om eit betre liv, religiøs forfyljing, eller av eventyrlyst. 522 personar forlèt Bjerkreim.

August er fiskemånad for mange, og laksefisket i år enda på 5586 kilo fanga fisk. Langt frå toppåra, men likevel betre enn frykta. Elvebreiden var full av liv då barnas dag/villaksens dag vart arrangert av Bjerkreim elveeigarlag.

September vart dominert av stortingsval, også her lokalt. God valdeltaking og engasjement. Resultatet vart to representantar frå Dalane, noko som bjerkreimsbuar og kan vera glade for. Lukke til med jobben til May Helen og til Jonas.

I oktober hadde me tidenes flyttedag, frå det gamle omsorgssenteret til det nye helsesenteret. Ny heim for mange og ein merkedag for heile bygda. Det er ikkje smertefritt å flytta ein så stor og tung organisasjon. Takk så langt til personalet som har takla alt nytt og som har måtta snu opp ned på rutinar og turnusar.

Slutten av ein mørk november vart lyst opp av nye lys og lystenning i Kulturparken. Det vart så fint! Eit skikkeleg nytt landemerke der alle som kjem frå sør og frå nord, får aust og vest ser dei store lyssette trea.

Desember viste oss kor sårbare me er når naturkreftene viser seg. Flaum, skred og øydelagde vegar vert resultat. Me kom tåleg frå det denne gongen, og det var langt opp til merka etter Synne. Det kjekkaste denne månaden var å få gitt ein blom til 24 utvalde frivillige som kvar på sin måte bidreg til fellesskapet. De er igjen representantar for mange andre som og brettar opp ermane når det trengs. Takk skal de ha.

Vennleg helsing, Tone Vaule

SVØMMEKURS VÅREN 2026

Påmeldingsfrist 6. januar.

Oppstart 9. januar. Åtte kursdager på fredager:

Kl. 15.45-16.30 - grunnkurs pulje 1

Kl. 16.30-17.15 - småbarn

Kl. 17.15-18.00 - grunnkurs pulje 2

Kl. 18.00-18.45 - videregående 1

Kl. 18.45-19.30 - videregående 2

Mandager kl 17.45-18.30:

Voksenkurs

Digitalt søknadskjema og mer informasjon finner du på kommunen sin nettside under skjema/søknadssenter - kultur og fritid. Vi tar forbehold om endringer.

OFFENTLIG SVØMMING

Velkommen til svømmehallen på Vikeså skule hver lørdag mellom høstferien og påskeferien.

Oppstart etter nyttår er lørdag 3. januar. Gratis adgang.

Åpningstider:

Kl. 10.00-10.45 Voksne over 18 år (garderobe åpen fra 09.45).

Kl. 10.45-11.30: Voksne over 18 år.

Kl. 11.30-12.15: Åpent for alle (garderobe fra kl. 11.15)

Kl. 12.15-13.00: Åpent for alle

Kl. 13.00-13.45: Åpent for alle
Lister blir lagt ut i gangen fra kl. 09.45 for å reservere plass på de ulike gruppene. Bor du langt fra bassenget og har vansker med å komme innom på forhånd, kan du ringe 404 44 955 for å reservere tid. Maks antall i voksengruppene er 15. Maks antall i familiegruppene er 25.

Husk badehette! Bleiebarn må bruke badebleie, dette kan man eventuelt få kjøpt av badevaktene.

KOMMUNALE AVGIFTER 2026

Gjelder fra 1. januar. (Utdrag)

Vann og avløp

Fast årsavgift

Årsavgift vann kr 2 050

Årsavgift kloakk kr 5 790

Tillegg uten vannmåler

Stipulert. forbruk vann per m² BRA kr 10

Stipulert kloakk per m² BRA kr 10
Tillegg med vannmåler

Leie av måler, per år kr 530

Forbruk vann per m³ kr 10

Kloakk per m³ kr 20

Feiing

Årlig tilsynsavgift per bolig kr 205

Årlig feieavgift pr. pipeløp, bolig kr 175

Årlig tilsynsavgift per fritidsbolig kr 240

Årlig feieavgift per pipeløp, fritid kr 195

TRYGG PÅ FRITIDEN - KURS FOR FRIVILLIGHETEN

Torsdag 12. februar kl. 18.00-21.00 i kommunestyresalen

Vet du hva du skal gjøre dersom du har mistanke om at et barn kan være utsatt for vold eller seksuelle overgrep? Vet du hva du skal gjøre dersom et barn åpner seg for deg og søker hjelp? Hva kan dere som frivillig organisasjon gjøre for å sikre at alle barn er trygge på fritiden?

Trygg på fritiden er et gratis kurs for frivillige, som skal gjøre organisasjonen din tryggere for barn. Som frivillig i fritidsaktiviteter blir du kjent med mange barn, og noen av disse barna kan kanskje komme til å trenge din hjelp. Kurset gir trenere og frivillige kompetanse om hva vold og seksuelle overgrep er, hvordan man kan forebygge vold og seksuelle overgrep i egen organisasjon, og hva man skal gjøre om man er bekymret for et barn.

Målgruppe: alle organisasjoner hvor voksne er i kontakt med barn. Vi ønsker minst to fra hver organisasjon, men gjerne flere.

Påmelding: til annette.olden.nedrebo@bjerkreim.kommune.no innen 29.01.2026. Oppgi organisasjon og navn.

Kursholder: Trond Berge Høvik fra Nok.Bergen

Servering: Kaffe, te og frukt

Kurset er utviklet av: Redd Barna, Nok.Bergen (Kompetansesenter mot seksuelle overgrep), Norges Idrettsforbund (NIF) og flere særforbund.

HEGE BJERK TIL BIBLIOTEKET



10. februar kl.19.30 kjem Hege Bjerk til biblioteket.

Våras liv LIVE er en unik kombinasjon av bok- og albumkonsert, med varighet på ca. 50 min. Hege leser utdrag fra «Mamma redder verden» og fremfører de tilhørende låtene, akkompagnert av gitarist Andreas Barsnes Onarheim. Sammen skaper de en stemningsfull, akustisk opplevelse der bok og musikk møtes.

GRATIS FOREDRAG OM SØVN

Sliter du med å sovne - eller våkner du trøtt selv etter en hel natt i sengen?

Søvn påvirker alt fra konsentrasjon og humør til helse og livskvalitet. Nå har du en unik mulighet til å lære hvordan du kan få bedre søvn.

Onsdag 28. januar kommer psykolog **Lina Elise Hantveit** for å holde et **gratis foredrag om søvn**. Hun er tidligere leder av **Søvnskolen ved Lovisenberg sykehus/DPS**, og forfatter av boken «*Søvnskolen 6 uker til god søvn*».

- hvorfor vi sover som vi gjør
- vanlige søvnproblemer - og hva som faktisk hjelper
- konkrete råd du kan ta i bruk allerede samme kveld

Foredraget passer for **ungdom, voksne og eldre** - enten du selv strever med søvn, eller bare ønsker mer kunnskap om et av de viktigste områdene for god helse.

Velkommen til en kveld som kan gi deg bedre netter og mer overskudd i hverdagen!

Tidspunkt: Onsdag 28. januar kl. 19.00-20.30

Sted: Samfunnshuset, Vikesågata 55

Arrangør: Bjerkreim kommune

Pris: Gratis, ingen påmelding

SOV GODT - GRATIS SØVNKURS

Sliter du med å sovne, våkner ofte om natten - eller altfor tidlig?

Dette kurset gir deg dokumentert, medisinfri behandling av søvnløshet (insomni) - i trygg gruppe og med faglig veiledning. Kurset består av fem samlinger à to timer, og bygger på et program utviklet av Helsedirektoratet, med dokumentert positiv effekt på søvn og psykisk helse.

Kurset er for voksne over 18 år som:

- bor eller jobber i Dalane (Eigersund, Bjerkreim, Sokndal eller Lund)
- har hatt insomni/søvn-problemer i over tre måneder
- ønsker bedre søvn uten bruk av sovemedisiner

Insomni kjennetegnes av at du, minst tre netter i uken:

- bruker lang tid på å sovne
- våkner ofte eller sover urolig
- våkner for tidlig og får ikke sove igjen

Dato og tidspunkt (du bør kunne delta på alle kursøktene):

- 1.Torsdag 12. mars kl. 16:00-18:00
- 2.Torsdag 26. mars kl. 16:00-18:00
- 3.Torsdag 9. april kl. 16:00-18:00
- 4.Torsdag 16. april kl. 16:00-18:00
- 5.Torsdag 30. april kl. 16:00-18:00

Sted: Skjeraberget folkehelsehus, Pittervegen 6, 4389 Vikeså

Påmelding: via nettsiden til Friskliv Dalane: <https://www.eigersund.kommune.no/paamelding-til-soevnkurs-i-bjerkreim.6735663-615826.html>

Påmeldingsfrist: 19. februar

Pris: Gratis

Arrangør: Friskliv Dalane

Kontakt: Frisklivsveileder Line Pettersen, friskliv@bjerkreim.kommune.no

DUKAR

Bjerkreim helselag leiger ut kvite dukar.

Kontakt Ingbjörg Vassbø
tlf. 48 60 35 35

ÅRSMØTE SP

Bjerkreim senterparti har årsmøte mandag 19. januar kl. 19.00 på kommunehuset. Alle medlemmer er velkomne.

Tema:

Info om status for ny E39 ved Nye Veier, Thomas Kaaløy Jensen.

Moglegheitene i næringspolitikk ved Senterpartiet sin vikarierende gruppeleiar for fylkestingsgruppa, Harald Halvorsen Løland, med erfaring frå næringsutvikling i Sauda kommune.

Saker ein vil ha behandla på årsmøte må sendast styret innan 12. januar.

Innkalling med årsmelding sendes ut på e-post. Dei som vil ha den på papir gir beskjed til Bente Gro tlf. 412 13 619.

Kveldsmat.

Styret i Bjerkreim senterparti

ÅRSMØTE I BJERKREIM KRF

Torsdag 29. januar kl. 19.30 har Bjerkreim KrF årsmøte på Bjerkreim bedehus.

Vebjørn Solli er kveldens talar. Song ved Monika Vassbø. Mat. Vel møtt!

MIDT I MIDDAGEN

Bjerkreim brassband vil i samarbeid med Bjerkreim bygdekvinnelag lage et «dinner show»-lignende arrangement. God mat, god drikke og god underholdning. Sett av datoene allerede nå: 21. og 22. mars 2026. Mer informasjon kommer!

ÅRSMØTE HAGELAGET

Tid: Tirsdag 27. januar kl. 19.00.

Sted: Skjeraberget folkehelsehus.

Tema: Orkideer v/Kristin Holtan.

Inngang: 50 kr.

Loddtrekning og enkel servering. Alle velkomne!

BINGO

i Peisestova på Vikeså misjonshus
onsdag 14. januar kl. 14.00 til
ca. kl. 16.00

Alle velkomne!

Arr. Bjerkreim helselag

BJERKREIMSQUIZEN!

11-årsjubileum med stor
marsipankake: Onsdag 21. januar
kl. 19.30 i kommunestyresalen

Quizmaster: Tom Fjermedal
Startkontingent kr. 50,- pr. person
kontant. Velkomen til nye og
gamle quizarar!

LESERING

Liker du å lese bøker? Da kan du
melde deg på lesering.

Vi har valgt ut følgende bøker
dette året:

- 1 «Glemt på en søndag» –
Valérie Perrin
2. «Minnesota» – Jo Nesbø
3. «Kanelbollebokhandelen» -
Laurie Gilmore
4. «Hvor er de voksne?» -
Nina Lykke
5. «Ufred - Russland fra
innsiden» - Åsne Seierstad
6. «Offer» - Jørn Lier Horst

Åpent for alle. Påmelding til
Jorunn Birkeland, tlf/sms 417 25
989 innen 10. januar. Oppgi nr.
på bok første- og andre valg.

Arr: Bjerkreim bygdekvinne-
lag

MYE PANT ETTER JUL/ NYTTÅR?

9. trinn v/polengruppa kommer
rundt på dørene i store deler av
bygda, onsdag 7. januar kl. 17-19
for å ta imot panten din. Sett den
gjærne klar på trappa, evt. kan du
ringe/sende melding på tlf.
452 73 988 for å avtale henting.

SOSIAL KVELD

Sted: Skjeraberget folkehelsehus

Tid: Tirsdag 13. jan. kl. 19.00-
21.00

Vi prater og slapper av, med eller
uten håndarbeid. Dette er veldig
kjekt! Enkel bevertning. Alle er
velkomne.

Arr: Bjerkreim bygdekvinne-
lag



SAL PÅ KOMMUNEHUSET:

- Boka «Utvandrarhistoriar frå
Bjerkreim», kr 400

- Årshefte «Glimt frå
Bjerkreimsogå», kr 100
For Ættesogelaget

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 8. jan. kl. 18.00-20.00 i
Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen
og bli kjent med hverandre.

Vi serverer kaffe og te. De som
vil, tar med et fat med noe å
spise.

Velkommen alle kvinner!

BJERKREIM PENSJONISTFORENING

Torsdag 29. januar kl. 14.00 på
samfunnshuset. Årsmøte med
valg. Sang og musikk. Servering
av smørbrød og kaker. Loddsalg
og kanskje en quiz. Ta gjerne
med gevinst til lotteriet. Både
gamle og nye medlemmer er
hjertelig velkomne.

LOVSANGKVELD

Alle er velkomne til lovsangkveld
lørdag 17. januar kl. 19.00 i
Odlandsvegen 121 hos Lars
Søyland.

Eilert Fredly leder lovsangen og
Asbjørn Handeland har andakt.

BJERKREIM BEDEHUS I JAN.

Tirsdagar kl. 19.00 Bønnemøter

Onsdagar kl. 09.30 Minsten

Torsdagar kl. 17.00 Barnekoret

4. kl. 11.00 Endelig søndag,
fam.møte

7. kl. 17.30 Global kafe

9. kl. 19.00 Bønnemøte

12. kl. 18.30 Jentelag og guttelag

14. kl. 17.00 Barneveke

15. kl. 17.00 Barneveke

16. kl. 18.00 Barnevekefest

18. kl. 19.30 Årsmøte NLM

19. kl. 19.00 Yngres

22. kl. 19.30 Møteveke,
Indremisjonen

23. kl. 19.30 Møteveke,
Indremisjonen

kl. 20.00 Fredagstreff

24. kl. 19.00 Lørdagskveld,
Indremisj.

25. kl. 11.00 Endelig søndag,
Indremisj.

kl. 11.20 Søndagsskule

26. kl. 18.30 Jentelag og guttelag

VIKESÅ MISJONSHUS I JAN.

4. kl. 11.00 Søndagssamling og
Awana

5. kl. 19.00 YngRes og Korvetten

7. kl. 20.00 Bønnemøte

14. kl. 20.00 Samtalemøte

16. kl. 20.00 Ungdomsklubb

18. kl. 11.00 Berøa

19. kl. 19.00 YngRes og Korvetten

21. kl. 17.30 Global kafe

Kvar veke:

kl. 9.30 tysdager Knerten

kl. 17.00 torsdager barnekor



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE

Sundag 4. januar

Ikkje gudsteneste i soknet.

Sundag 11. januar kl 11.00

Gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.
Barnesamling.

Sundag 18. januar kl 11.00

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje.

Sundag 25. januar kl 11.00

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje.

DØDE:

21.11.25 Else Synnøve Osland

25.11.25 Stein Pettersen

BARNESAMLING

Vi har lyst å prøve ut å ha barnesamling på nokre gudstenester i Bjerkreim kyrkje. Dei to første blir 11.jan. og 22.feb. Desse blir under preika og tilpassa til aldersgruppa 3-8 år. Maria Røysland Egeland har tatt initiativ til dette og har med seg Geir Arne L. Bjerkreim.

GLOBAL KAFÉ

Alle er velkomne til Global kafé onsdager kl. 17.30-19. Gratis kaffe og kaffemat, konkurranser og sosialt. Datoer denne våren er:

7.1 Bjerkreim,
21.1 Vikeså,
4.2 Bjerkreim,
18.2 Vikeså,
4.3 Bjerkreim,
18.3 Vikeså,
15.4 Bjerkreim,
29.4 Vikeså,
13.5 Bjerkreim,
27.5 Vikeså,
(10.6 Bjerkreim).
Vel møtt!

DÅPSSKULE

1. og 2. klassingar på Bjerkreim er velkomne til dåpsskule i januar og februar. Det blir leik, ulike aktiviteter og bibelhistorier. Det er til saman fire samlingar rett etter skuletid og diplomutdelinga på gudstenesta palmesundag 29. mars.

Invitasjon går ut etter medlemsregisteret vårt, men alle er velkomne til å bli med. Ta kontakt om barnet ditt ikkje er medlem men ønsker å bli med på dåpsskulen.

KVA SKJER MED PREST I BJERKREIM?

Det vart lyst ut eitt års vikariat med søknadsfrist 8. desember. Tre søkte, det er veldig bra! Pr i dag (16. des.) veit vi at det er planlagt intervju 22. des.

Per Børge har sin siste dag som prest i Bjerkreim før permisjonen søndag 18. januar, så vi håpar at ny prest er på plass raskt etter den dato.

Vi satsar på at Per Børge vert med Ingelin og følger opp vårens konfirmantar til dei er ferdige, men det er enno ikkje heilt avklart. Informasjon ang. dette kjem på FB-sida til konfirmantane/føresette.

TRYGGERE KAN INGEN VÆRE - OGSÅ NÅR VERDEN SKJELVER

Det er mykje uro i verda akkurat no. Mange kjenner ei stille frykt når ein les nyheiter om konflikter og eskalering, og ord som «verdskrig» dukkar opp oftare enn vi likar. Det er heilt naturleg at uroa også flyttar inn i hjartet vårt. Vi lurar: Korleis skal dette gå? Er vi trygge?

Midt i slike spørsmål har eg tenkt mykje på Corrie ten Boom - kvinna som overlevde nazistenes konsentrasjonsleirar, og som seinare skreiv om erfaringane sine i boka Tryggere kan ingen være. Ho hadde sett meir mørke enn dei fleste av oss nokon gong skal gjere. Likevel bar ho på ein djup fred. I leiren pleidde ho å sitere den gamle salmen: Tryggere kan ingen være enn Guds lille barneskare. For Corrie var ikkje dette romantiske ord. Det var sanninga som heldt henne oppe når alt rundt henne trua med å breste. Ho sa ofte: «Aldri ver redd for å overgi ei ukjent framtid til ein kjent Gud.»

Det kan høyrast enkelt ut. Men for henne var det levd liv. Og kanskje er det nettopp dette vi treng å minnst i ei uroleg tid: Tryggleiken vår kjem ikkje frå at verda er stabil, men frå Han som aldri forandrar seg. Corrie oppdaga at mørket ikkje alltid blir fjerna, men at Gud alltid er nær - midt i det. Ho sa at det finst ikkje noko mørke så djupt at Guds kjærleik ikkje er djupare enn det. Det gjeld like mykje for oss i dag, anten uroa kjem frå verdssituasjonen, frå eiga helse, eller frå einsemd og sagn.

Jul handlar nettopp om dette: Lyset kjem til verda. I ei tid som også då var prega av uro, okkupasjon og frykt, vart Jesus fødd - ikkje i ei trygg verd, men inn i ei sårbar ei. Han vart lys for menneske som trengde håp. Det gjer han framleis.

Så når nyheitene skurr opp mørket, får vi lov å halde fast i det Corrie ten Boom visste: Vi er ikkje prisgitt kaoset, vi er ikkje utanfor Guds hand, vi er sett, vi er kjende, og vi er berne.

Tryggere kan ingen være enn Guds lille barneskare.

Må Guds fred, som er større enn alt vi forstår, få kvile over heimane våre - og over hjartene våre - også i denne tida.

Per Børge Hillestad



TAKK FOR MEG!


Nå er det litt over 30 år sidan eg starta som ung 26-åring på landbrukskontoret i Bjerkreim. Og for ei utvikling det har vore i jobben og landbruket i Bjerkreim desse 30 åra, det er heilt ekstremt.

Eg føler meg jo fortsatt ung, og skal nå bli heiltidsbonde frå 01.01.26, og gler meg til det. Eg kjem til å savne det gode samspelet med dere fantastiske Bjerkreimsbønder.

Sjølvs om dere ikkje alltid har fått det akkurat slik dere ville, så har eg lagt vekt på å finne ei løysning begge partar kan leve med. Eg har også prøvd å snakke «Bjerkreimsbondens sak» i ulike fora. Eg har lært mye av dere, me har hatt mye «lått og løye», og det er greitt å slutte i ei tid prega av stort pågangsmot og optimisme i landbruket i Bjerkreim. Takk til Bjerkreim Bondelag og Bjerkreim Sau og Geit, for gode ord og kake, samt wienerbrød på møtet om ny gjødselbrukforskrift, den såg eg ikkje koma!

Og så til slutt ein takk til min fantastiske sjef gjennom desse åra, Gerd (Siqueland Engelsgjerd). Utan at ho hadde akseptert at slåtten kjem når slåtten kjem, og at eg av og til kjem litt seint/eller ikkje på jobb når me har eit sjukt dyr/kalving heime, hadde eg neppe vore her i 30 år.

Helsing Svein Olav



EIN STOR TAKK TIL SVEIN OLAV

Ja, det har verkeleg vore ei lykke å ha Svein Olav som kollega gjennom alle desse 30 åra. Han er fagleg dyktig, engasjert, løysingsorientert, har stor arbeidskapasitet og godt humør. Han har utført langt meir enn det ein kunne forventa av denne 50 % stillinga!

Svein Olav kan verkeleg avslutta arbeidet sitt på Landbrukskontoret med stoltheit. Han kan ta seg ein køyretur gjennom kommunen, og vera stolt over alt han har fått godkjent av dyrkingsprosjekt for å auka matproduksjonen, mange kilometer med vegar som er godkjent bygde for å letta åtkomsten for traktor og beitedyr og tilgang på spreieareal, og byggjeprojekt som han har vore med å motivert bønder til å gjennomføra. Og ikkje minst alle millionane han har godkjent til utbetaling i produksjonstilskot for dyr og areal.

Mange takk Svein Olav, for eit fantastisk arbeid for landbruket i Bjerkreim. Lukka til som heiltidsbonde; eg unnar deg verkeleg å få litt rolegare dagar, mindre stress og tid til litt ferie.

Men - me vil sakna deg!!

Helsing Gerd

RAPPORTERING ETTER ENDT JAKT

Valdansvarlig skal, 10 dagar etter jakta er avslutta, levera fellingsrapport for valdet. Dette betyr at jaktleiar må vera ferdig med å leggja inn sette og skutte dyr gjennom hjorteviltregisteret eller appen sett&skutt. Det er frivillig å leggja inn vekt på dyra, men dette er ein viktig faktor for at vi skal ha oversikt over populasjonen si kondisjon. Då er det veid vekt av slaktevekt som gjeld. Det er ikkje behov for å venta til januar med å melda inn, godkjenna og senda inn fellingsrapport. Rådyr skal også meldast inn på valdnivå. Då skal også null felte dyr meldast inn.

PRODUKSJONSTILSKOT - ETTERREGISTRERING

10. januar er siste frist for etterregistrering av opplysningar i søknaden. Det som kan etterregistrerast er i hovudsak dyr sankt frå utmarksbeite og avløyarsutgifter. Dette er absolutt siste frist for registrering, så om ikkje det kjem inn innan fristen, så er pengane tapt!

Informasjon

I februar kommer annonse fra Søstra til Morten her.



tlf: 41 43 73 92

ARKIDAL
v/ Arne Dirdal



Teknisk tegner - byggesøknad, tilbygg, påbygg og fasadeendring
ingen oppdrag er for små!

Nesjane 3, 4389 Vikeså
www.arkidal.no - post@arkidal.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT.NO

FOTOSTUDIO  RAMMEVERKSTED

Han med hatten
FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 **Bjerkreim legekantor**
51 20 43 30
www.bjerkreimlegekantor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!

coop
Vikeså

coop byggmix **EXTRA** **coop prix**

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00
Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00
Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

Coop Norge AS

 **Eigersund Dyreklinikk**
Telefon 51 49 13 04

**VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!**

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Solvor Nyland Malmei 471 79 206

**RENSELØSNINGER
TIL HUS OG HYTTER**



LITT OM VÅRE ANLEGG:

- Tilfredstiller kommunale krav til godkjent utslipp
- Enkel montering
- Forskjellige størrelser
- Lavt strømforbruk
- SINTEF sertifisert

VI TILBYR:

- Søknad / prosjektering
- Montering / oppstart
- Service og vedlikehold

Sandnes Maskin
Tlf: 954 09 360 - post@sandnesmaskin.no

 **BJERKREIM
BIL & KAROSSERI AS**

Forsikrings skader • Private skader

Karosseri • Lakkering
Ruteskift • Restaurering
PDR (Retting av småbulker uten lakking)

Tlf: 901 91 987
post@bjerkreimbillogkarosseri.no